




Ta meg på vengene



SOF
LEATER
sogn og fjordane

Regissøren

Jon Tombre er ved SOF Teater for andre gong. Jon var regissør for Siste Båt av Helge Ingstad i år 2000, ein produksjon som vart nominert til Hedda-pris, både for beste scenografi og beste regi. Jon har hatt oppdrag ved svært mange teater; mellom anna Nationaltheatret, Det Norske Teatret og Trøndelag Teater - og har si eiga frigruppe som nett no har produsert framsyninga "Aktuell Rapport." Jon Tombre er mest oppteken av ny dramatik, og han har samarbeida med mellom andre Cecilie Løveid, Niels Fredrik Dahl og Jonny Halberg. Jon har utvikla eit spanande scenespråk der det fysiske og kroppslege er viktig i samspel med teksten. Han er og ansvarleg for scenografien i "Ta meg på vengene".



Skodespelarane

Mai Lise Rasmussen har det tredje engasjementet sitt ved SOF Teater, denne gongen i "Ta meg på vengene" som prinsesse. Alle som såg "Hexene" i 2002 vil hugse Mai Lise i rolla som Bruno i ei minneverdig og eineståande prestasjon. Mai Lise spelar ofte og gjerne for born i Viktoria Productions, og var i si tid medlem av frigruppa



Pikene på broen. Kyrre Eikås Ottersen er fast skodespelar ved SOF Teater, og er kjend gjennom mange og store rollar - frå målarer Nikolai Astrup, Erasmus Montanus, Mensen Ernst og til unike rolleprestasjonar i 2002 i Audun Hagleikson og i Filantropicana. I "Ta meg på vengene" spelar han prinsen.



Ny Vestlandsdramatikk

Skriveprosjektet "Ny Vestlandsdramatikk" vart ikkje avslutta i 2002, som planlagt, fordi det framleis kjem inn nye manus frå folk i fylket.

SOF Teater vil følge opp eit ansvar - å gje unge og eldre lokale dramatikarar høve til å få vist verka sine.

"Ta meg på vengene" av Maria Tryti Vennerød handlar om kjæresteforhold - noko dei fleste er opptekne av - med dei forventningar, røynsler og kommunikasjonsvakum dette kan føre med seg. Vi møter ei prinsesse og ei prins som kolliderar med eventyrmyten, men som i alle eventyr så ender også denne historia på sitt vis lukkeleg.

Urpremiere i Førdehuset, Teatersalen 8. januar 2003.



Dramatikaren

Maria Tryti Vennerød er i ein alder av 24 år både ung og lovande. Ho kontakta SOF Teater i mai 2002 med to stykke, som også vart oppført i Oslo ved Norsk Dramatikkfestival. "Ta meg på vengene" er eit av desse stykka, som no har sin offisielle urpremiere ved SOF Teater. Maria har budd i Førde og Sogndal i mange år.

Visuell medskapar

Mette Jakobsen har i samarbeid med regissøren ansvar for kostyme og rekvisittar. Mette har lang fartstid i norsk teater, først og fremst som mangeårig rekvisitør ved Riksteatret.

Technokomponistane

SOF Teater har folk med mange talent. Skodespelar Kyrre Eikås Ottersen og rekvisitør Jan Tjønneland held på med technomusikk når dei har høve til det og laga i år 2000 lydbilete til Dei bittesmå Dustane. Jan og Kyrre er ansvarlege for musikken i "Ta meg på vengene".

Teknisk

Kenneth Røsandhaug er inspisient og Agnes Alisøy er scenearbeidar i samband med framsyningar og turne.

